

## Henvisning av ØNH-pasientar i Helse-Førde.

Dette brevet er meint å klarlegge korleis ØNH-organiseringen og særst hørselutgreiing/ høyreapparat-tilpassing og- kontrollar skal skje i gamle Sogn og Fjordane, samt ei lita rettleiing i kva som må vere med i henvisingane ved audiologisk problemstilling.

Ut frå henvisningane vi får, ser vi at det er behov for denne presiseringa.

Om ein vil at pasientane skal undersøkast i Lærdal eller på Nordfjordeid, og ikkje i Førde f.eks pga alder eller skrøpelegheit, skal ein henvise til avtalespesialist ved Lærdal ønh eller Nordfjord ønh, og ikkje til Helse-Førde.

Audiografane er tilsette i Helse-Førde og *ikkje* hos avtalespesialistane, enten dei arbeider i Førde, Lærdal, eller på Nordfjordeid, og timebøkene deira vert administrerte av Helse-Førde og ikkje av avtalespesialistane.

Som ved andre ØNH- tilstandar kan pasientar som treng utgreiing av hørselstap og vurdering av behov for høyreapparat henvissast til følgjande:

- a. ØNH poliklinikk Helse-Førde ved Førde sentralsjukehus
- b. Helge Hagen, avtalepraksis i Førde
- c. Nordfjord ØNH, avtalepraksis ved John Arthur Kvamme på Nordfjord sjukehus
- d. Lærdal ØNH, avtalepraksis i Lærdal

1.Dersom ein henviser til **a. Ønh poliklinikk Helse-Førde ved Førde sentralsjukehus** vil pasienten få time hos ønh spesialist og audiograf same dag. Ein får då ein fullstendig audiologisk utgreiing ved audiograf og kan starte tilpassingsprosessen av høyreapparat same dagen. Deretter kan pasienten få vidare oppfølging i tilpassingsprosessen og kontrollar hos Helse-Førde sine audiografar enten ved Førde sentralsjukehus, ved Nordfjord sjukehus eller ved Lærdal sjukehus, alt etter kva som høver pasienten best. Dette vert administrert frå Helse-Førde.

2.Dersom pasienten vert henvist til **nokon av avtalepraksisane ( b., c. eller d.),** vil dei få undersøking ved ØNH lege, og ei enklare audiologisk testing med reintoneaudiometri, og så bli henviste vidare til Helse-Førde sin audiograf i Førde, Lærdal eller på Nordfjordeid for fullstendig audiologisk utgreiing og/eller høyreapparattilpassing. Lege og audiografkonsultasjonane må ved dette tilfellet skje på to ulike dagar, og ikkje på same dagen som ved sentralsjukehuset.

3.Vi får ein del henvisningar av pasientar til høyreapparatvurdering frå Nordfjord og Sogn der fastlegane skriv **« time på Lærdal eller Nordfjordeid er ønskeleg».** Slike pasientar må då i tråd med **ovanstående henvissast til avtalespesialistane ved Lærdal ønh eller Nordfjord ØNH.**

4.Om ein pasient **som har høyreapparat treng kontroll av det,** eller annan kontakt med audiograf, kan pasientane som tidlegare ringe til ØNH poliklinikk ved sentralsjukehuset, så ordnar vi med time hos audiografane våre enten i Førde, Lærdal eller på Nordfjordeid. Fastlegen kan ev.også henvise til ØNH poliklinikk ved sentralsjukehuset for dette, men altså *ikkje* til avtalespesialistane.

**Om henvisning av pasientar med audiologisk problemstilling, f eks henvisning til høyreapparatvurdering.**

For at vi skal kunne prioritere pasientar rett, må vi ha enten audiogram eller PTA( 4) verdi ( pure tone average for frekvensane 500, 1000, 2000 og 4000 Hz for kvart øyre ) med i henvisninga i tillegg til fastlege sin funksjonsvurdering av hørselsfunksjon f eks i høve til funksjon på fritid og i yrkeslivet.

PTA( 4) skriv ein i henvisninga f. eks. slik:

PTA( 4) hø : 45 dB

PTA( 4)ve : 65 dB

Tidlegare brukte ein PTA( 3), men dette er no altså endra til PTA( 4 ).

På denne måten vil ventetidene for hørselshemma kunne variere frå 3 mnd til 12 mnd, og dei mest trengande få akseptabel ventetid.

Einar Solheim, overlege hørselssentralen

Karianne Strønen, avdelingssjef ØNH-kjeveavdeling